

Spar gjev prispengar til humanitært arbeid.

25.09.2015



Kjersti Nilsen Børve og Gunn Mari Moberg har god grunn til å vera fornøgd med butikken sin.

Spar Uskedalen har gjennom sin gode service, og drift elles, motteke mange velfortente påskjøningar. Det har vore både regionsprisar og utmerkingar for å vera best i heile landet. Under det store SPAR-seminaret på Rhodos nyleg, mottok dei pris som beste Spar-butikk i Region Vest. Prisen var på 10.000 kr, og desse bestemte leiinga skulle gjevast vidare til hjelpeorganisasjonen Leger uten grenser, og det gode arbeidet dei gjer.



Øyeblikksmotiv fra tildelinga.

-Det var eit enkelt og naturleg valg i desse tider å gje pengane til ein organisasjon som gjer eit godt humanitært arbeid. Dagleg får vi påminningar i nyhetene om tragediane i Syria og andre stader i verda, seier dagleg leiar Bente Nilsen om bakgrunnen for valget om å gje prispengane til hjelpeorganisasjonen **Leger uten grenser**. Tidlegare har prispengar m.a. vore nytta til tur for dei tilsette og til kundefestar.

Ho fortel at dei fekk overrekket prisen under eit stort SPAR-seminar på Rhodos nyleg. Det varte frå fredag til tysdag, og SPAR Uskedalen var representert med eigartrioen Bente Nilsen, Kjersti Nilsen Børve og Gunn Mari Moberg.

Bente, som naturleg nok er svært så fornøgd med regionsprisen, nyttar som alltid høve til å rosa den gode staben av tilsette og alle dei flotte kundane. Ho understrekar at det er eit godt samarbeid mellom desse som skal ha den største delen av æra for alle prisane. No håpar ho at alle skal kosa seg på den store kundefesten med Olav Stedje og Finn Tokvam som hovudprogrampostar den 3.oktober.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Gunn Mari Moberg og Thor Inge Døssland